

PÅ FIRE FØTER

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Elise har ikkje armar.
Ho har berre føter.
To sterke føter.

Men far har armar.
To sterke armar.
Med dei kan han halde kring Elise.

I dag må far vere ekstra sterk.
I dag må han halde Elise.

Men først skal dei klatre.
Heilt opp på Høgen skal dei.
Til toppen.
Der oppe skal dei sjå ned.
Ned i den grønne dalen.

Og så skal dei gjere seg klare!

Far skal ta fallskjermen på.
Med ein ekstra sele.
I den selen skal Elise sitje.
Ho skal sitje tett inntil far.
– Er du klar? spør far.



Elise er klar.

Dei går ytst ut på kanten.
Far held henne fast.

Og så slepper han seg!

Saman dalar dei ned.
Under ein kjempediger skjerm.
Ned, ned.

Snart skal dei lande
i mjukt gras
på fire sterke føter.